

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-233, FA-U64	19/30

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/2019	Næringsfondsstyret	PS	09.04.2019

## Søknad om støtte til båtrute Bergen - Mo.

### Forslag til vedtak:

Skriv inn forslag her

### Saksopplysningar:

Fjordcharter Norway AS (FCN) planlegg å starte opp turistrute mellom Bergen (Zakariasbryggen) og Mo i Modalen. Ruta skal gå 6 dagar i veka – frå måndag til laurdag, og vil dersom det er grunnlag også vere i drift den 7. dagen/søndag. Søkjar har 5-års avtale med European Cruiseservice AS (ECS) som omfattar alle maritime aktivitetar ut ifrå Bergen.

Det er planlagt eit stopp på om lag 30 minutt i Modalen, men stoppet kan utvidast til 1 t dersom t.d. aktørar i Modalen kan tilby attraktive aktivitetar.

FCN søker om tilskot på inntil 2 mill. kroner frå Modalen kommune for sesongen 2019. Fjordcharter Norway v/ dagleg leiar Trygve Tønnesen haldt ein presentasjon for næringsfondsstyret 19.03.19.

### Bakgrunn

FCN og Modalen kommune v/ ass. rådmann hadde eit møte i Modalen i november 2018 kor FCN gav ei orientering om sine foreløpige tankar/planar. Dei la fram informasjon og dokumentasjon på drifta si. Modalen kommune gav signal om interesse for ei rute mellom Bergen og Mo, men har ikkje meldt noko tilbake vedr. driftsstøtte.

Søkjar ynskjer å tilby førmiddagsrute for å imøtekomme cruiseturistar som kjem til Bergen. I tillegg legg søkjar opp til at reisande skal kunne gå av på Mo, for så å kunne nytte seg av lokale tilbod. Retur kan evt. gjerast annan dag. Søkjar legg og opp til at ruta skal vere ei kommersiell konsesjonsrute som

kan ta betalende kundar begge vegar.

FCN prioriterer Modalen på denne ruta. Evt. samarbeid/stopp andre stadar langs Osterfjorden vil føre til at reisetida vert for lang for deira konsept, samt at det vert aukte drivstoffkostnadar. Søkjar har målsetting om at ruta er sjølvfinansierande frå 2020. I tillegg er det ei målsetting om at ruta skal kunne utvidast til tilnærma heilårsdrift.

Søkjar vektlegg bærekraft og lønsemd i si satsing på Modalen. I tillegg at dei ynskjer tett samarbeid med lokalt reiseliv/næringsliv for å utvikle eit godt tilbod.

## Vurdering

### Økonomi og forretningsplan

Søkjar har levert driftsbudsjett for 2019 og 2020. Forretnings-/marknadsplan er også levert. Dokumenta er unnateke offentleg innsyn grunna forretningssensitiv informasjon. Dokumenta vil bli førelagt næringsfondsstyret.

### Strategisk næringsplan

Strategisk næringsplan (SNP) for Modalen kommune har som fokusområde at *reiseliv* skal styrkjast. I planen er det vist til at ein skal utvikle reiselivsprodukt saman med det lokale reiselivet. Modalen skal styrkjast som reiselivsdestinasjon. I kjølvatnet av dette skal det utarbeidast produkt (oversikt) over kva me kan tilby reisande av opplevingar i Modalen. Ei båtrote vil kunne bidra til at mange fleire får høve til å reise til Modalen. Logistikkøysinga ei båtrote representerer frå Bergen til Mo inkluderer ein tilleggsmarknad utover buss/bil. Ei båtrote kan representere føreseielegheit for ein periode for lokale verksemdar som ynskjer å satse på reiselivsnæringa. Det vil alltid vere eit spørsmål om det er ei rute eller tilbod i Modalen som må komme først. Det vil avhenge av type verksemd/tilbod, og på kva grunnlag denne står.

Eit anna fokusområde i SNP er *naturressursar*. Målet er å kunne utvikle bærekraftige næringar basert på lokale naturressursar. Her kan ein sjå satsinga i samband med bruk av sjøen som ein del av eit reiselivsprodukt, samt at reisande skal kunne ta del i øvrige moglegheiter reiselivsnæringa kan utvikle med utgangspunkt i natur, kultur og lokalsamfunn.

Eit tredje fokusområde er *kompetanse og samarbeid*. Ei båtrote som samarbeider med lokalt reiseliv vil bidra til kompetanseheving inn mot regionalt reiseliv og korleis forvalte denne moglegheiten i samarbeid med fleire.

Fokusområdet *gründer, etablering, entrepenør og innovasjon* peiker på at det skal prioriterast tiltak/idèar som stettar opp under berekraftig utvikling. Vurderinga er at mykje av den moglege reiselivssatsinga vil omfatte næringsaktivitetar kor berekraft er ein verdi å bygge på.

### Modalen kommune sine næringsfondsvedtekter

Modalen kommune sine næringsfondsvedtekter (VN) opnar for å gje inntil 50 % av prosjektkostnadane i tilskot og/eller lån. Tiltak som vert finansiert gjennom VN skal bidra til auka sysselsetjing, busetnad eller nyskaping/vidareutvikling av verksemdar. Ei evt. båtrote vil kunne bidra

til at verksemdar i Modalen kan etablere og satse. Dette gjev grunnlag for vekst i sysselsetjinga. Fleire turistar vil kunne bidra til meir omsetnad/besøk hjå allereie eksisterande verksemdar. I forhold til nyskaping/vidareutvikling av verksemdar vil tilgang på kundar/besøkande kunne leggje grobunn for meir aktivitet / nye idèar i Modalen. Ei båtrute vil difor kunne vere viktig for vidare vekst i kommunen.

Næringsfondsstyret ba i møte 19.03.19 om å problematisere nærare omkring stønadssum og om det er råd å løyve stønad til aktørar som ikkje bur i eller har kontoradresse i Modalen kommune. Det er i VN § 2 vist til at fondsstyret i særlege tilfelle kan fråvike kravet om at bustadadresse og/eller kontoradressa til søkjar må vere i Modalen, og at aktivitet og/eller sysselsetjing finn stad i Modalen kommune dersom det er vektige grunnar som likevel vil vere i tråd med føremålet. Moglege fordelar kan difor vurderast til at tiltaket kan kvalifisere for tilskot/lån frå NF.

#### Juridisk vurdering

Næringsfondstyret ba i møte 19.06.19 om at ein undersøker juridiske sider ved saka før ein evt. løyver stønad. Råd frå advokatfirmaet Wickborg og Rein (WR) tilseier at Modalen kommune kan gje tilskot i saka med inntil kr. 1 982 160,- under føresetnad av at prosedyrereglane for bagatellmessig stønad vert fulgt.

I tillegg viser (WR) til at kommunen kan gje eit einssidig tilskot utan at dette skal forståast som ein kontrakt i anskaffingsrettsleg forstand. Det inneber at kommunen ikkje bør stille vilkår utover ordinære vilkår som skissert i vedtekter for næringsfondet. Kommunen bør heller inngå kontrakt med søkjar då det ikkje er kommunen sitt ynskje å inngå ein gjensidig bebyrdande avtale kor krav om dekking av behov/ vilkår vert stilt.

FCN har også i etterkant av førre møte i næringsfondsstyret bede om juridisk vurdering frå advokatselskapet Hammervoll Pind AS (vedlagt). Deira konklusjon er at Modalen kommune kan gje utviklingsstøtte i form av tilskot utan at dette vert sett på som ei anskaffing. Det inneber også at det ikkje kan etablerast ein gjensidig forpliktande avtale som frå Modalen kommune si side set fram konkrete behov eller kontraktskrav som avgrensar FCN sine moglegheiter.

#### Øvrige reiselivsaktørar i Modalen

Modalen kommune har drøfta tiltaket med iModalen AS (dagleg leiar) og Mobryggen drift AS (dagleg leiar og styreleiar). Tilbakemeldingar er at dersom ein fekk på plass ei båtrute med stopp i Modalen vil det kunne gje moglegheiter for etablering og utviding av tilbod, t.d. fleire overnattingar.

#### Samanheng med øvrige satsingar

Modalen kommune reviderte den strategiske næringsplanen i 2017, i tillegg vart det i 2018 gjeve løyving frå næringsfondet på over kr. 500 000,- til iModalen AS-prosjektet som skulle samle reiselivspersonar/-aktørar i Modalen for felles satsing. Det vart i kommunestyret i 2018 starta opp prosjekt næringsutvikling 2028 – 2038 (omdømesatsing). Fleire satsingar er igangsett for utvikling av nærings-/reiseliv i Modalen. Rådmannen ser positivt på at det no kjem ein aktør som ynskjer å igangsetje båtrute mellom Mo og Bergen.

#### **Konklusjon**

Rådmannen ser mange moglegheiter ved etablering av ei slik båtrute. Det vil kunne bidra til at fleire lokale verksemdar kan etablere drift og/eller utvide drift. Ein slik forretningsidè kan få fleire utfall. Modalen kommune ynskjer at det skal lukkast søkjar å få til ei god berekraftig rute. Uvissa er knytt til om Modalen kommune skal bidra med driftstilskot, og evt. i kva omfang. Her legg rådmannen fram saka utan tilråding slik at næringsfondsstyret kan gjere sine eigne vurderingar.

Dersom næringsfondsstyret vedtek å gje tilskot, rår rådmannen til at det må stillast vilkår om at stønaden vert gjeven i tråd med vedtektene for næringsfondet, og i tråd med dokumentasjon gjeven frå søkjar i søknad m/ vedlegg.

## **Næringsfondsstyret - 008/2019**

### **NF - behandling:**

Ordførar fremma forslag om å lukke møtet med bakgrunn i kommunelova §31 nr. 2, med vidare henvising til forvaltningslova § 13, kor forvaltninga er plikta å forhindre at nokon får tilgang eller kjennskap til teiepliktbelagt informasjon. Teiepliktig informasjon i saksdokumenta til denne saka kan ha negativ konkurransemessig betydning for søkar. Framlegget om å lukke møtet vart samrøystes vedteke.

Ordførar låg fram forslag til vedtak i saka. Vedtaket var samrøystes

### **NF - vedtak:**

Næringsfondsstyret løyver kr. 50 000,- i tilskot til Fjordcharter Norway AS.

Tilskotet må nyttast i tråd med søknad m/ vedlegg.

Næringsfondsstyret si vurdering er at tiltaket vil vere positivt for lokalt og regionalt reiseliv.

### **Vedlegg:**

Søknad om oppstarts midler for turistrute mellom Bergen og Modalen.

Søknad om oppstarts midler for turistrute mellom Bergen og Modalen.

Søknad om oppstarts midler for turistrute mellom Bergen og Modalen.

Presentasjon Fjordcharter in Norway

Dok. i samband med søknad til næringsfond - Modalen kommune

Juridisk vurdering søknad om utviklingstøtte for oppstart av båtrute mellom Bergen og Modalen

presentasjon for Modalen kommune og næringsfond v2

budsjetter 2019 og 2020

Vurdering - tilskudd fra Næringsfond